



Til kommunane i Helse Bergen sitt opptaksområde

Deres ref.:

Vår ref.:

**Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling:
Ope arbeidsseminar om ny strategi for nettverket 2017-2020**

Styringsgruppa for Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling vil med dette invitere kommunane i Helse Bergen-området til eit arbeidsseminar for å gi innspel til ny strategiplan for nettverket.

Tid: 24. oktober 2016 kl 12-16

Sted: Storstuen, Bikuben konferansesenter, Haukeland universitetssjukehus

Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Bergen føretaksområde omfattar 116 sjukepleiarar og 42 fysioterapeutar og ergoterapeutar. Ressurspersonane kjem frå alle sjukehusa og kommunane i området; i tillegg er Kreftforeningen Distrikt Vestlandet og VID vitenskapelige høgskole med i det avtalefesta samarbeidet. Målet med nettverket er kompetanseheving og samhandling slik at kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik på alle nivå i helse- og omsorgstenestene.

Nettverka i kreftomsorg og lindrande behandling i dei fire føretaksområda i Helseregion Vest har hatt felles strategiplan for perioden 2009-2012 og 2013-2016. Nettverket i Helse Bergen sitt område vil leie prosessen med å utarbeide ny, felles nettverksstrategi. Styringsgruppa ønsker å få innspel frå kommunane som deltar i samarbeidet. Vi inviterer derfor representantar frå den einskilde kommune til å delta på eit ope arbeidsseminar om ny nettverksstrategi. Både ressurspersonar i nettverket og deira leiingar er aktuelle deltakarar på seminaret.

Nærare informasjon om program og påmelding kjem seinare, men sett av dagen allereie nå!

Med vennleg helsing
HELSE BERGEN HF

Anne Sissel Faugstad (sign.)
viseadm. direktør,
leiar av styringsgruppa for nettverket

Besøksdresse:
Haukelandsbakken 2

Postadresse:
Helse Bergen HF
Haukeland universitetssjukehus
Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest
Postboks 1400
5021 Bergen

Telefon:
55975824 (55975831)
Telefaks:
55975825

E-post:
lindrende.behandling@helse-bergen.no
www.helse-bergen.no/palliasjon